



Hordaland fylkeskommune Regionalavdelinga  
Endre Korsøen  
Postboks 7900  
5020 BERGEN

Referansar:  
Dykkar:  
Vår: 16/2307 - 17/2721

Saksbehandlar:  
Tonje Nepstad Epland  
tonje.epland@radoy.kommune.no

Dato:  
09.03.2017

## Lingalaks AS - Utviding og endra plassering av anlegg for oppdrett av matfisk for laks og aure lokalitet Toska Sør i Radøy kommune - kommunal uttale og oversending av merknader etter offentlig ettersyn

Radøy kommune mottok den 23.12.16 kopi av søknad frå Lingalaks AS om løyve til auka biomasse og endring/flytting av anlegg for oppdrett av matfisk av laks og aure på lokalitet 14018 Toska sør i Radøy kommune.

### Offentleg ettersyn

Radøy kommune la søknaden ut til offentlig ettersyn i perioden 24.01.17 til 21.02.17. Det har kome 4 merknader etter offentlig ettersyn:

- Fylkesmannen i Hordaland av 27.01.17 vedlagt brev til Radøy kommunen av 25.01.17, og tilleggsmerknad av 28.02.17 presisert at
- Radøygruppen AS av 30.01.17
- Hope & Co advokatfirma på vegne av Granit Radøy AS og Radøygruppen AS av 16.02.17
- Naturvernforbundet i Nordhordland av 22.02.17
- I tillegg ligg det føre ein tidlegare merknad av 11.10.16 frå Fiskarlaget Vest.

### Planstatus

Akvakulturanlegget er plassert i følgjande arealføremål etter Kommuneplan for Radøy kommune 2011-23:

- Bruk og vern av sjø og vassdrag med tilhøyrande strandsone (hovudføremål)
- Bruk og vern av sjø og vassdrag – Akvakultur

- Bruk og vern av sjø og vassdrag – Trålfelt for reke
- Skipsled (line)

#### Arealføremål Bruk og vern av sjø og vassdrag - akvakultur

Den delen av anlegget (fortøyning) som er plassert innafor arealføremål Akvakultur i Kommuneplan for Radøy kommune er i samsvar med arealføremål i plan.

#### Line for skipsled

Plasseringa av akvakulturanlegget (fortøyning) kjem i konflikt med farlei/skipslei som er vist med line i Kommuneplanen for Radøy kommune.

Det fremgår av føresegna pkt 3.5.2 at:

*Farleia er sikra i medhald av Havne- og farvannsloven.*

Kommune legger til grunn at Kystverket må gje løyve etter Hamne- og farvasslova § 27 for tiltak som kjem i konflikt med farlei, og at det ikkje er trong for dispensasjon frå arealplan.

#### Arealføremål trålefelt

Plasseringa av akvakulturanlegget (fortøyning) kjem i konflikt med område med arealføremål Trålefelt i Kommuneplan for Radøy kommune.

Det følgjer av føresegna pkt 3.5.4 at:

*Tiltak som kan hindra trålinga, skal ikkje tillast på eller i nærleiken av felta. Søkander om tiltak/inngrep på eller i nærleiken av felta, skal leggjast fram for fiskeridirektøren for uttale, før vedtak vert fatta.*

Kommunen viser til e-post til Hordaland Fylkeskommune v/Endre Korsøen av 22.08.16:

*Dersom tiltaket «kan hindre» bruken av trålefeltet krever tiltaket dispensasjon. Dersom tiltaket ikke kan hindre bruken av trålefeltet krever tiltaket ikke dispensasjon. Unntaksbestemmelsen er snever og vil bare gjelde der det er klart at bruken av trålefeltet ikke vil eller kan bli hindret.*

*Uttale fra fiskeridirektøren vil bli lagt til grunn for kommunen sin vurdering av om tiltaket krever dispensasjon. Uttalen må tydelig ta stilling til om tiltaket «kan» hindre bruk av trålefeltet. Om tiltaket i størst mulig grad ivaretar tråleområdet vil ikke være tilstrekkelig til å benytte unntaksbestemmelsen.*

Kommunen legger til grunn at Fiskeridirektoratet må ta stilling til spørsmålet om konflikt med trålefeltet, jf. også e-post frå Hordaland Fylkeskommune v/Endre Korsøen av 22.08.16. Om akvakulturanlegget «kan hindre» bruk av trålfeltet vil det vere trong for dispensasjon frå plan.

#### Arealføremål Bruk og vern av sjø og vassdrag med tilhøyrande strandsone (hovudføremål)

Radøy kommune har i brev av 23.06.2016 til Hordaland fylkeskommune etter oppmoding gjeve planfagleg førehandsuttala i saka når det gjeld fleirbruksområde:

*Føresegnene pkt. 3.5 Område for bruk og vern av sjø og vassdrag*

*Føremålet er fleirbruksområde for ferdsel, farleier, fiske, akvakultur, drikkevatt og natur- og friluftsområde, kvar for seg eller i kombinasjon. Plassering av oppdrettsanlegg innafor området for bruk og vern av sjø og vassdrag er i tråd med arealføremålet i nemnde plan.*

Radøy kommune si vurdering i brev av 23.06.16 byggar på ein akvakultursak frå 2012\* der Hordaland fylkeskommune v/ Regionalavdelinga la til grunn at fleirbruksområde i sjø i Kommuneplan for Radøy kommune 2011-23 opnar for akvakultur. Regionalavdelinga si konklusjon i 2012 var i strid med Radøy kommune si planfaglege uttale i saka. Kommunen søkte fagleg råd hjå Hordaland fylkeskommune v/Planavdelinga, men planavdelinga støtta Regionalavdelinga si tolking av kommuneplanen, og Radøy kommunen har i ettertid lagt fylkeskommunen si plantolking til grunn.

\* Hordaland fylkeskommune ref. 201203332-10/313/ENDKOR av 24.08.12 – Blom fiskeoppdrett , Otterholmen, lokalitet 11738.

I **det digitale kartet** er det nytta SOSI-kode 6001 *Bruk og vern av sjø og vassdrag med tilhøyrande strandsone – noverande*, og flatebeksrielse FNFF for det aktuelle sjøarealet. Sjøformålet er i det digitale kartet avgrensa mot akvakultur i og med at A ikkje inngår i flatebeskrivelsen FNFF. Det er ikkje påskrift i sjølve plankartet for fleirbruksområde i sjø.

I **teiknforklaring** til plankartet er arealføremålet vist som *Bruk og vern av sjø og vassdrag med tilhøyrande strandsone – noverande*.

Av **føresegna** til kommuneplanen pkt. 3.5 *Område for bruk og vern av sjø og vassdrag* fremgår at:

*Føremålet er fleirbruksområde for ferdsel, farleier, fiske, akvakultur, drikkevatt og natur- og friluftsområde, kvar for seg eller i kombinasjon.*

Føresegna fremstår såleis med motstrid i høve det digitale plankartet.

Av **planbeskrivelsen** side 11 fremgår at:

*Det er ikkje teke inn nye område for akvakultur. Der det er eksisterande aktivitet har ein prøvd å tilpasse størrelsen på areala i kommuneplanen med det som faktisk er i bruk. Alle areal er lagt litt i frå land for å sikre ålmenta passasje. Unytta areal er teke ut av kommuneplanen der ein meiner lokalitetane er for små og for nær busetnad på land.*

Vidare viser **konsekvensutgreiinga** til kommuneplanen at det ikkje er gjort konsekvensutgreiing for nye akvakulturområder. Det fremgår av konsekvensutgreiinga side 3 at ein kvar ny arealbruk skal konsekvensutgreiast:

*Framlegg om endra arealbruk skal vurderast med positive og negative konsekvensar. Konsekvensutgreiing for kvart område med ny arealbruk skal innehalde kart og positive og negative verknader for kvart tema. Konsekvensane skal samanfattast og lede til ei samla vurdering.*

Det digitale plankartet og planbeskrivelsen viser at det ikkje har vore kommunen sin intensjon å opne fleirbruksområdet i sjø for akvakultur.

Samstundes følgjer det av plan- og bygningslova § 11-7 nr 6 at «*hvor arealplanen bare angir hovedformål for arealbruk, skal det i nødvendig utstrekning gis bestemmelser som klargjør vilkårene for bruk og vern av arealene*». Kommuneplan for Radøy kommune har ikkje føresegner som klargjør vilkår for bruk av fleirbruksområde. Det er kommunen si vurdering at der det er nytta eit fleirbruksområde i plan, utan føresegner som klargjør vilkår for bruk, må det leggjast til grunn ein føresetnad om at bruken skal kunne skje likestilt og parallelt, og ikkje eksklusivt for eit av underføremåla.


### Vurdering av brukarinteresser i fleirbruksområde

Hordaland fylkeskommune har i sitt brev av 23.12.16 vist til at :

*(...) kommunen bør vurdere verknaden av tiltaket opp mot dei andre fleirbrukskategoriane i området. I arbeidet med arealplanen er det gjennomført kartlegging av dei viktigaste områda og brukarinteressene som eventuelt vil kome i konflikt med akvakulturnæringa, og i det omsøkte området er det i stor grad opp til kommunen som planmynde å prioritere korleis areala skal brukast.*

I og med at kommunen ikkje hadde intensjonar om å opne fleirbruksområde for akvakultur er det i kommuneplanprosessen ikkje gjennomført ein kartlegging av interesser som vil kome i konflikt med akvakulturnæring i fleirbruksområde.

Søk i WMS frå GeoNorge katalog viser følgjande interesser i området:



### Teiknforklaring:

Raudt pkt:	Lokalitet 14018
Beig areal:	Areal for farlei
Blå stipla line:	Farlei
Grøn skravur:	Fiskeriregulering og vern
Grøn farge:	Naturtypebase
Rosa skravur:	Trålfelt
Lys grå skravur:	Fiskeplassar
Mørk blå ramme:	Statleg sikra friluftsområde
Mørk skugge:	Gytefelt for torsk
Gul boks:	Radøygruppen – oppankring av rigg


I tillegg er det sjøkablar i området.

### Farlei og ferdsle

Radøygruppen og Hope & Co advokatfirma har i sin uttale vist til at flytting av lokaliteten vil få konsekvensar for ferdsle og tilkomst til/bruk av Radøygruppen sitt regulerte næringsområde på Mangerøy-Kjebogen.

Kommunen si vurdering:

Kommunen har ikkje fagleg grunnlag for å ta stilling til ein eventuell konflikt mellom tilkomst/forankring av fartøy for Radøygruppen sin verksemd på Mangerøy-Kjebogen og akvakulturanlegget. Kommunen gjer merksam på at Mangerøy-Kjebogen er eit nyleg regulert næringsområde, planid. 12602015000200, som krev tilkomst frå sjø med store fartøy og moglegheit for ankring av store fartøy.



Kommune legg til grunn at Kystverket i vedtak etter hamne- og farvasslova vil avklare konsekvensane for ferdsle generelt, og tilkomst til Radøygruppen sitt anlegg spesielt. Kystverket har hatt Radøygruppen sine planar for mellombels ankring av rigg/fartøy til vurdering (Kystverket v/Anne Britt Ottøy, ref. 2016/6025).

### Fiske

Naturvernforbundet i Nordhordland har i sin uttale vist til at flytting av lokaliteten vil få konsekvensar for fiske. Det er mellom anna vist til gyteplass for torsk. Vidare har Fiskarlaget vest vist til konsekvensane for fiske.

Kommunen si vurdering:

WMS frå Fiskeridirektoratet viser at det er gyteplasser for torsk både nord og sør for anlegget. Vidare er det trålefelt og fleire fiskeplasser i området. Kommunen har ikkje fagleg grunnlag for å ta stilling til ein eventuell konflikt mellom fiskeriinteresser og akvakulturanlegget. Kommunen legger til grunn at konsekvensane for trålefeltet vil verte avklart i ein uttale frå Fiskeridirektoratet i samsvar med føresegna til kommuneplanen pkt. 3.5.4. Når det gjeld konsekvensane for fiskeliv og fiske generelt legg kommunen til grunn at Fylkeskommune som vedtaksstyresmakt vil vurdere konsekvensane av akvakulturanlegget etter naturmangfaldslova.

### Friluftsliv

Naturvernforbundet i Nordhordland har i sin uttale vist til at flytting av lokaliteten vil få konsekvensar for friluftsliv. Det er mellom anna vist eit delvis sikra «svært viktig» regionalt friluftsområde og småbåthamn på Mangersholmane.

Kommunen si vurdering:

Det er eit statleg sikra friluftsområde på Trettholmen (gbnr 42/2), sjå [http://www.bof.no/Omrader/Radoy/554\\_trettholmen.htm](http://www.bof.no/Omrader/Radoy/554_trettholmen.htm):

#### ***Trettholmen friluftsområde***

***Stad:*** Tilkomst frå moloen mellom Manger og Toska


***Areal:*** 20,5 dekar.

*Lokal badeplass med flotte badeviker og svaberg. Godt eigna for bading og fiske.*

*Parkeringsplass.*



Det er ein regulert fritidsbåthamn på Mangersholmene, planid. 12602006000700. I reguleringsplan for Mangersholmen båthamn er det regulert inn badeområde/strand og friluftsområde i sjø.



Området kring Mangersholmene og Toska er et mykje nytta sjøområde, spesielt for busetnaden i Manger sentrum og for bustadfeltene på Selfallet og Urhaug.

Med helsing

Tonje Nepstad Epland  
leiar teknisk forvaltning

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Vedlegg:**

Manglande planavklaring i søknad frå Lingalaks AS om flytting og utviding av anlegg for oppdrett av laks og aure på lokaliteten Toska S. i Radøy kommune  
Arealdelen i kommuneplanen for Radøy kommune - forståing av planen for areal avsett til akvakultur  
Lingalaks AS - Utviding og endra plassering av anlegg for oppdrett av matfisk av laks og aure på lokalitet Toska Sør i Radøy kommune - merknad  
Lingalaks AS Søknad lokalitet Toska Sør Radøy brev 31.01.2017  
Høringsuttalelse vedrørende oppdrettsanlegg  
Bilag 1, Planskildring  
Bilag 2, Radøy kommune - Vedtak om godkjenning av detaljregulering  
Bilag 3, Plankart  
Bilag 4, E-post fra Kystverket  
Bilag 5, Illustrasjonskart  
Lingalaks AS - Utviding og endra plassering av anlegg for oppdrett av matfisk av laks og aure på lokalitet Toska Sør i Radøy kommune - uttale  
Lingalaks AS - Utviding og endra plassering av anlegg for oppdrett av matfisk av laks og aure på lokalitet Toska Sør i Radøy kommune - tolking av arealdelen i kommuneplanen  
Skannet på en flerfunksjonsmaskin fra Xerox (103425)  
WMS kart  
Plassering av rigger i kart  
Rigg m mål  
600043\_157-SV-CL-1099-403-0001\_Geocat Kjebogen Survey Rapport  
Mellombels oppankring av fartøy - Mangerøy - Rødøy kommune - Hordaland fylke  
Innhenting av uttale vedrørende søknad om mellombels oppankring av fartøy/ rigg ved Vidholmane - Mangersøy – Radøy kommune – Hordaland fylke

**Mottakarar:**

Hordaland fylkeskommune  
Regionalavdelinga

Postboks 7900

5020

BERGEN